



# VARSLINGSBREV

## IGANGSETTING AV PLANARBEID FOR:

***Detaljregulering for Sørstrand, gbnr. 28/38 m.fl., Anna særskilt bygg og anlegg***

**Plan-ID:** [4602 20250005](#)

**Saksnr.:** [25/3075](#)

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 varsler 3RW arkitekter, på vegne av forslagstillar Forsvarsbygg, at det er sett i gang planarbeid for *Detaljregulering for Sørstrand, gbnr. 28/38 m.fl., Anna særskilt bygg og anlegg*. Planområdet er på om lag 9144 m<sup>2</sup> og omfattar eideomane 28/38, 214, 234, samt delar av 28/998, 820, 860, 947 og 154. Planområdet har tilkomst gjennom Sørstrandvegen. Det er hovudsakleg eideom 28/38 som skal tilretteleggast for nye byggjetiltak.

I KPA/KDP er tomta regulert til bustadbygging (B4) og grøntareal (GN). Veg- og samferdsleareal er regulert til kombinert bygging og anleggsføremål (BKB7). Gjeldande reguleringsplan (Plan-ID: 140120060116) legg også opp til bustadbygging og grøntareal/vegetasjonsskjerm. Langs Sørstrandvegen er det regulert køyreveg, anna veggrunn - grøntareal og vegetasjonsskjerm (Plan-ID: 140120100109). Mindre del av eideom 28/38 er regulert til bustad innanfor plangrensa. Areal som er regulert til vegetasjonsskjerm i gjeldande plan, blir inkludert i plangrensa for å sikre at denne blir vidareført og oppdatert. Det er ikkje planlagt nye tiltak i dette området. Sjå elles vedlagde perspektivteikningar for forslag til nytt bygg.

Hensikta med planarbeidet er å tilrettelegge for eitt kvarter-/overnattingsbygg for brukarar frå Luftforsvaret/Redningshelikoptertenesta som er tett knytt til helikopterbasen ved lufthamna. Foreslårte føremål er *Anna særskilt angitt bygg og anlegg*, angitt som kvarter, samferdsleføremål og grøntstruktur/ vegetasjonsskjerm. Tomta har i dag ein direkte tilkomst til flyplassen mot sør, som vil vidareførast. Dei fleste brukarane vil nytte denne til og frå helikopterbasen. Det er foreslått etablering av inntil 20 kvartereiningar i bygget, fordelt over to etasjar. Bygget vil bli etablert med saltak for å tilpasse seg lokal arkitektur. Det blir planlagt maks 4-5 p-plassar på tomta, inkludert 1 HC-plass. Dei eksisterande bygga på tomta er føresett å bli rivne. Omfang og konsekvensar av tiltak i planområdet vil kome fram i planprosessen.

Det blir varsla mogleg parallel sakshandsaming av reguleringsplanforslag og byggjesøknad, jf. pbl. § 12-15. Det er vurdert at planen ikkje fell inn under forskrift om konsekvensutgreiing. Sjå vedlagt planinitiativ for grunngjeving.

Dette brevet blir sendt til alle påverka partar, slik at dei som ønskjer det kan gje innspel til planarbeidet. Innspela vil bli oppsummerte og kommenterte, og deretter oversendt til Kinn kommune. Sjå frist under. For ytterlegare opplysningar om planarbeidet visast det til Kinn kommune si heimeside: [kinn.kommune.no/sok-etter-sak/hoyring-og-kunngjeringar/](http://kinn.kommune.no/sok-etter-sak/hoyring-og-kunngjeringar/)

Innspel og spørsmål til planarbeidet sendast til 3RW arkitekter pr. e-post eller brev:

**Postadresse:** 3RW arkitekter  
C. Sundts gate 53, 5004 Bergen  
**E-post:** [innspill@3rw.no](mailto:innspill@3rw.no)

**Frist for innspel: 05.06.2025**

Med helsing 3RW arkitekter, på vegne av Forsvarsbygg